

# Næmingar

Ei treårig ordning for kompetanseheving av handverkarar ut over sveinebrev - i hovudsak basert på grunnleggjande kunnskap

## Det er 4 hovudfelt i næmingordninga

- Grunnleggjande kunnskapar (Basiskunnskapar)
- Tradisjon
- Bygningsanalyse og dokumentasjon
- Undervisning



# Grunnleggjande kunnskap

Med grunnleggjande kunnskap i handverk forstår vi slik kunnskap som gjeld material, verktøy, teknikkar, prosedyrar, form og funksjon.

Det trengst omfattande trening for å kunne bruke, få til, vurdere og forstå.





# Tradisjon

Hovudinnhaldet i det daglege arbeidet vil vera og utøve tradisjon.

## 3 spesialitetar.

- Liggjande tømmer / laft.
- Ståande tømmer / reiste konstruksjonar.
- Tekking og kledning.



# Bygningsanalyse og dokumentasjon

Opplegget skal gi  
trening i å analysere og  
dokumentere byggverk.

Lage tilstandsanalyser  
og kalkulere oppdrag for  
restaurering.

Lage planar for tilsyn,  
drift og vedlikehold.





# Undervisning

**Opplegget skal gje  
trening i:**

Å presentera fagleg  
innhald i det handverket  
næmingen held på med.

Å instruera på kortare  
kurs.

Å lære frå seg til nye  
næmingar.



# Vidareføring av ordninga

**Viktig med vidareføring og overlapping av fleire grunnar:**

- Dei eldre tradisjonsberarane er på veg bort!
- Dei som no er inne i ordninga får trening i å rettleie.
- Kostnadseffektivt.
- Berekraftig for framtida.





# Kostnader med ordninga.

Opplæring i handverk har etter tradisjon vore direkte knytt til arbeidslivet.

Opplæringa er altså direkte knytt til utøving av yrke.

Kostnadene slik det fungerer i dag blir dekt med 60% inntening på prosjekt/arbeid, 40% blir dekt på ulike måtar frå det offentlege.

Næmingeordninga kostar 40% av eit årsverk. Då er alt inklusive.

Samanlikna med andre studie er ordninga billeg.





# SPESIFISERING AV KOSTNADER VED OPPLÆRING

- **All vanleg opplæring ut over vidaregåande nivå kostar eitt årsverk per lærande + tekniske studiekostnader + kostnader til lærarar.**
- **Næmingeordninga kostar 40% av eit årsverk.** Det er alt inklusive. 60% av kostnadene blir dekt med inntekt på arbeid / oppdrag. Ordninga er altså rasande billeg.
- Problemet i høve tilførslar av midlar gjeld såleis ikkje kostnader, men *kasserarvurderingar*. Utbetalingane er større enn i vanleg studium, medan dei reale kostnadene er drastisk mindre.
- **Inntektene av ei opplæring er den samfunnsmessige vinninga som utdanninga fører til.** Vinninga gjeld graden av måloppfylling. Dette kan til dømes vera at byggverk blir meir varige når handverkaren er mykje kyndig enn når han er mindre kyndig. Det kan også gjelde at føremålet med vernet kjem tydlegare til uttrykk og blir betre tek i vare når handverkaren har den rette kompetansen. Når det gjeld bygningsvern veit vi at denne inntektsposten er stor, men vi kan vanskeleg stille opp konkrete tal utan å gå grundig inn i materien og gjera mange føresetnader.
- **Uansett vil prinsippet vera at kostnadene lyt haldast opp mot vinninga** og ikkje mot alternativ opplæring utan å dra med seg skilnadar i vinning.